



Arbeidsdepartementet  
postmottak@ad.dep.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2010/121	11001/2010	TLANGLO	033	18.10.2010

**NOU 2010:5 "AKTIV DELTAKELSE, LIKEVERD OG INKLUDERING", MERKNAD I PROTOKOLLEN FRÅ MØTE 12.10.10, FRÅ RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA I ØRSTA KOMMUNE**

I råd for funksjonshemma i Ørsta kommune sitt møte den 12.10.10 vart saka meldt i møtet og drøfta under referatsaker. Rådet har ikkje fått NOU 2010:5 til høyring frå kommunen. Det var sëmje i rådet om sende følgjande uttale til saka, med kopi til Ørsta formannskap:

Kommunen meiner at retten til hjelpemiddel framleis skal ligge til folketrygdlova med eit statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til hjelpemiddel på alle livsområda, med muligheit til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringane som kommunane står overfor gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemiddel må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommunen sin økonomi. Staten bør i staden forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å bidra til å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, samt å styrke vaktmeistertenesta for reparasjon av hjelpemiddel.

Med helsing

Råd for funksjonshemma  
Karen Høydal  
-leiar-  
-sign.-

  
Toril Langlo  
konsulent

**Kopi til:**

Ørsta formannskap, her  
Helse- og sosialavdelinga v/Oddvar Marøy, her